

Hordaland fylkeskommune  
Postboks 7900  
5020 Bergen

### **REVISJONSUTTALE – Grasbane Hordabø Idrettspark - ANLEGGSNR 42793**

Vi har gjennomført dei kontrollhandlingane som er lista opp nedanfor. Vårt oppdrag er utført i samsvar med ISRS 4400 ”Avtalte kontrollhandlingar”. Handlingane er utført for å gi dykk grunnlag for å vurdera at rekneskapen er rett og at prosjektet er i samsvar med Kulturdepartementets retningsliner i rundskriv V-0732B.

Totalte utgifter for anlegget pr 18.10.2019 er kr 387 214.  
Betalt mva utgjer kr 66 823.

Vi har utført følgjande kontrollhandlingar:

- a) at inntekter og kostnader vedkjem anlegget, herunder at berre utgifter til element med rett til tilskot inngår som ein del av kostnadene med rett til tilskot
- b) at oppført sum for meirverdiavgift tilsvavar faktisk betalt meirverdiavgift
- c) at utgiftene er attesterte og tilviste av personar med dei naudsynte fullmaktene
- d) at inn- og utbetalingar som vedkjem anlegget, er gjort frå den kontoen som er oppgitt for dette føremålet
- e) at det er eit klart skilje mellom byggerekneskapen for anlegget og drift
- f) at verdien av dugnad, gåver (utanom pengegåver) og rabattar er i samsvar med retningslinene for verdsetjinga av desse postane og i samsvar med budsjettet som er godkjent av fylkeskommunen
- g) at dersom det er betalt for arbeid eller materialar (ytingar) som i søknaden var oppførte som dugnad, gåver og/eller rabattar, er verdien av ikkje-betalte utgifter i rekneskapen nedjusterte med tilsvarande sum
- h) at rekneskapssamdraget som vert sendt til fylkeskommunen, er i samsvar med den kontrollerte rekneskapen

Vi rapporterer våre funn nedanfor:

- a) Rapporterte kostnader vedkjem anlegget og består av utgifter som gir rett til tilskot etter V-0732B.
- b) Oppført sum meirverdiavgift tilsvarer faktisk betalt meirverdiavgift.
- c) Utgiftene er attestert og tilvist.
- d) Inn- og utbetalingar som vedkjem anlegget er gjort frå bankkonto som vedkjem føremålet.
- e) Vi har ikkje avdekkta driftskostnadar i dei bilaga som inngår i prosjektet.
- f) Vi har ikkje fått tilsendt og følgeleg ikkje kontrollert godkjent budsjett.
- g) Ingen merknader.
- h) Kontrollert rekneskap er i samsvar med signert rekneskapssamdrag.

Då desse kontrollhandlingane verken er revisjon eller avgrensa revisjon i samsvar med revisjonsstandardane, gir vi ikkje uttrykk for noko sikkerheit for at søknaden ikkje inneheld vesentlege feil. Dersom vi hadde utført tilleggshandlingar eller hadde gjennomført revisjon eller avgrensa revisjon av regnskapen, kunne andre forhold ha kome til vår kunnskap og blitt rapportert til dykk.

Vår rapport er kun utarbeidd for det formålet som er omtala i første avsnitt i denne rapport og skal ikkje brukast til anna formål. Rapporten er berre meint å skulle distribuerast til Hordaland fylkeskommune og anleggseigar.

Isdalstø, 12.11.2019  
NORDHORDLAND REVISJON IKS



Janne Eraker  
Revisjonssjef